

# VEDTEKTER FOR SETESDAL-RYFYLKE VILLREINLAG

## § 1 Organisasjon

Setesdal-Ryfylke Villreinlag (SRV) er ein samanslutning av lokale villreinlag innafor Setesdal-Ryfylke Villreinområde.

## § 2 Formål

SRV skal vera grunneigarane sitt organ for forvaltninga av villreinstammen i SR-Villreinområde. SRV skal fungera som samarbeidsorgan for lokallaga og vera kontaktorgan til myndigheiter, organisasjonar og andre interesser. SRV skal arbeida for å sikre villreinen sitt livsgrunnlag.

## § 3 Styre

SRV skal leiast av eit styre på 5 personar. Medlemmer til styre skal veljast blant styremedlemmer i lokallaga. Det skal veljast eit medlem frå kvar av fylgjande regionar:

1. Bykle og Vinje
2. Valle og Njardarheim
3. Kvinesdal, Hægebostad, Åseral og Bygland
4. Odda, Suldal og Hjelmeland
5. Forsand, Gjesdal og Sirdal

For å sikre størst mogleg oppmøte og eit fulltallig styre skal det velgast 1.varamann og 2.varamann. Desse vert valde uavhengig av regionstruktur. 1. varamann vert kalla inn fast til styremøte og fungerer som styremedlem dersom ein region melder forfall. Ved fulltallig styre har 1. varamann møte og talerett.

Deltaking i styret forutset at lokallaga innan regionen representerer minst 50% av teljande areal innafor vedkomande region. Unntak frå dette kan gjerast dei to fyrste åra. I kommuner utan fungerande lokallag kan enkeltgrunneigarar vera medlem. Lokallaga innan kvar region bør samarbeida om å fremja forslag til medlem og vararepresentant. Dersom det ikkje let seg gjera å finne ein styrerepresentant frå ein av regionane, kan det veljast ein representant frå ein annan region i same del av villreinområdet; definera som sør eller nord for Steinbuskardet.

Forslag må oversendast valnemnda innan 3 uker før årsmøtet. Styret er vedtaksført med minst 4 medlemmer tilstades. Ved likt stemmetal har leiaren dobbeltstemme.

## § 4 Oppgåvene til styret

- a) Ta seg av dei oppgåver som tek sikte på å fremja ei målretta forvaltning av villreinstammen i området: utarbeida driftsplanar, gjennomføra bestandsregistreringar, beiteundersøkingar, kondisjonsundersøkingar mm
- b) Leggja fram årsmelding, rekneskap og forslag til arbeidsplan og budsjett for årsmøtet.
- c) Utarbeida forslag til fellingskvotar og avskytingsavtalar. Forslag til avskytingsplan skal fremjast for lokallaga innan 15.februar til uttale.
- d) Utarbeida forslag til jakttider
- e) Etter behov hjelpa til med etablering av jaktavtaler mellom rettighetshavarane.
- f) Organisera felles jaktoppsyn.
- g) Representera villreinområdet eksternt og internt

Villreikutvalet har ansvar for sekretærordning. Referat frå møter i utvalet skal sendast alle lokallaga.

## § 5 Arbeidsår

Rekneskaps og arbeidsåret fylgjer kalenderåret. SRV vert forplikta av leiar eller nestleiar for utvalet.

## § 6 Årsmøtet

Årsmøte vert halde innan 30. april. Innkalling vedlagt saksliste, årsmelding, rekneskap, arbeidsplan, budsjett og eventuelle sakspapir skal sendast lokallaga, utvalsmedlemmene og villreinnemnda seinast 3 veker før årsmøtet. Saker som ein ynskjer å fremja for årsmøtet, må sendast styret innan 15. februar. Sekretæren for laget fører årsmøteprotokoll. Årsmøtet skal koordinerast med årsmøtet i Villreinnemnda.

## § 7 Oppgåvene til årsmøtet

- a) Velja møteleiar
- b) Godkjenna innkalling og saksliste
- c) Velja 2 utsendingar til å skriva under protokollen saman med møteleiar

# VEDTEKTER FOR SETESDAL-RYFYLKE VILLREINLAG

- d) Handsama årsmelding og revidert rekneskap
- e) Velja medlemmer til styret og 2 varamedlemer for 2 år. Fyrste året vert medlemmene frå region 3 og 5 valde for 1 år.
- f) Velja leiar og nestleiar til utvalet for eit år.
- g) Velja ein representant til valnemnda for 3 år.
- h) Vedta arbeidsplan og budsjett, herunder fastsetja medlemskontingent og godtgjersle til tillitsvalde.
- i) Vedta forslag til fellingskvoter og avskytingsplan.
- j) Vedta forslag til jakttid.
- k) Handsama innkomne saker. Berre saker som er oppførde på sakslista kan realitetshandsamast. Unnatak frå dette kan gjerast for hastesaker når alle årsmøteutsendingane er einige.

## § 8 Årsmøteutsendingar / avstemming

- a) Kwart lokallag eller enkeltgrunneigar har ei stemme pr 10 km<sup>2</sup> teljande villreinareal (blant medlemmene). Dette er minste areal for å oppnå ei stemme. Deretter nyttast vanlege avrundingsreglar, dvs inntil 0,49 rundast ned og frå og med 0,5 rundast oppover.
- b) Enkeltgrunneigar med eigeidom under minste areal har møte og talerett på årsmøte.
- c) Kwart lokallag kan senda ein årsmøteutsending pr stemme. Det er også mogeleg at ein årsmøteutsending kan representera fleire stemmer.
- d) Det er ikkje mogeleg å stemma ved fullmakt for anna lokallag.
- e) Saker utanom endring av vedtekter og oppløysing vert avgjorde ved simpelt fleirtal rekna på grunnlag av avgitte, ikkje-blanke stemmer. Ved stemmelikhet legges arealgrunnlag bak hver stemme til grunn

## § 9 Valnemnd

Valnemnda består av 3 personer frå ulike regionar. Det skal veljast eitt nytt medlem kvart år. Avgåande medlem er formann. Fyrste året skal det veljast 3 representantar; ein for 3 år, ein for 2 år og ein for 1 år. Valnemnda skal fremja forslag til utvalsmedlemmer m/ vararepresentantar, leiar, nestleiar og revisor. Valnemnda skal også foreslå godtgjersle til tillitsvalde.

## § 10 Ekstraordinært årsmøte

Det kan innkallast til ekstraordinært årsmøte av styret eller når lokallag som representerer minst 1/3 av stemmetala i organisasjonen, forlanger det.

## § 11 Vedtektsendring og oppløysning

Til endring av vedtektene krevst 2/3 fleirtal av dei representerte stemmene på årsmøtet. Ved oppløysing krevst 2/3 fleirtal av dei representerte stemmene. Oppløysing er avhengig av at det vert vedteke på orinært årsmøtet det eine året og stadfesta av årsmøtet det fylgjande år. Før oppløysning må alle økonomiske plikter vera dekkta. Eventuelle fond og egedelar tilfell lokallaga etter areal.

## § 12 Innmelding og utmelding

Innmelding skjer ved at lokallaga skriv under ei innmeldingserklæring. Utmelding, som må skje med minst 3 månaders skriftleg varsel, kan fyrst gjerast gjeldande frå fylgjande årsskifte. Utmeldt medlem kan ikkje gjera krav på del i fond eller egedelar i laget.

## § 13 Tvistar

Eventuelle tvistar mellom SRV og medlemmene om forståing og gjennomføring av vedtektene skal avgjerast med bindande verknad for alle partar av ein voldgiftsrett på 3 medlemmer. Partane vel eitt medlem til voldgiftsretten kvar, medan det siste medlemmet vert oppnemnt av Kristiansand Byrett. Voldgiftsretten følgjer reglane i rettergangslova (jfr. Lov om rettergangsmaaten for tvistemaal av 13. august 1915 nr 6, kap 32).